



VELKOMNE TIL TELAVÅG BARNEHAGE

Her kjem litt informasjon til dykk foreldre som har barn som skal byrja i Telavåg Barnehage.

1. OPPSTART HAUST

Det nye barnehageåret startar mandag 15. august.

Barnehageruta viser kortid barnehagen er stengd gjennom heile barnehageåret.

2. OPNINGSTIDER

Vi har ope frå 7.00 til 16.30. De kan sjølv velja **kortid de vil levera og henta barnet** dykkar, *men dersom de vil at barnet skal få med seg «det som skjer» må det vera kommen til ca kl. 9.45.* Vi startar med dagens samling og aktivitetar seinast kl.10. I månadsplanen vil det visa om vi skal på tur e.l., i slike tilfeller er det særleg viktig at de kjem til kl. er 9.45.

PS. Barnet må hentast seinast fem minutt før vi stengjer, slik at de er ute av dørene til riktig tid!

Barnehagen må få melding dersom barnet skal komma seint eller bli henta tidleg. Dersom barnet er sjukt eller av andre årsaker ikkje kjem i barnehagen, **må vi få melding om dette.** Barnet skal helst verte fylgde *inn i* barnehagen, dersom ikkje anna er avtala. Dersom andre enn foreldre/føresette hentar, må barnehagen få melding om dette.

Dagsrytme (dette er ca tider)

7.00 : Barnehagen opnar

8.30 : Frukost

9.00 : Fri leik

10.00: Samlingsstund

10.30: Aktivitetar /Uteleik

11.30: Lunsj

12-12.30: Kvilestund/uteleik

14.30: Frukt

15.00: Uteleik

16.30: Barnehagen stenger

3. TILSETTE

Vi har to avdelingar: Hakkebakkeskogen og Hundremeterskogen.

Personalet er fordelt slik:

Styrar: Therese Frostad

Hakkebakkeskogen:

Pedagogisk leiar: Inez Pedersen / Tone Larsen

Fag arbeidar: Torunn Bakke og Elisabeth Eidesund

Assistent: Marit Hjelle

Hundremeterskogen:

Pedagogisk leiar: Renate Brekken / Tone Larsen

Førskulelærer: Marie Nipen

Fagarbeidar: Jannicke Steinsland og Gullbjørg Steinsland

Assistent: Therese Erstad

5. INNKØYRINGSPERIODEN

Den første tida av barnehageåret kan ofte vera ei litt vanskeleg tid for både barn og foreldre/føresette. Perioden ber ofte preg av at barn og voksne er usikre, og det vert viktig at vi gjev alle god tid til å verta trygge i oppstarten.

Nye barn

Nye barn må ha med seg ein nær vaksen i barnehagen dei første dagane. Den første dagen er det nok at barnet er i barnehagen 3-4 timar, saman med den vaksne. Etterkvart som barnet vert tryggare kan tida i barnehagen utvidast og den vaksne kan trekkja seg meir og meir unna. **Ver merksame på at nokre barn treng lenger tid enn andre, og at «tilbakefall» er normalt.**

Barn som ser ut til å ikkje vera utrygge heilt frå starten av, skal likevel ha denne tilvendingsperioden. Det er viktig at barnet får ein mjuk overgang.

6. KLEDE / UTSTYR

Barna må vera kledd for leik, så vel ute som inne, og kledda må vera tilpassa ver og årstid. Hugs då på at været ofte endrar seg i løpet av dagen!

Alle barna må ha minst eit klebyte ligg i barnehagen. Dei som bruker bleier, må ha det med + våtserviettar.

Barna må ha med seg lette sko (helst sandaler) til innebruk, **og alle sko, klede o.a. må merkast godt.** Saman med barna, har dei føresette ansvar for at det er orden i garderobeplassen.

Barna må gjerne ha med seg ei leike/kosedyr i barnehagen, men på eige ansvar. *Ta berre 1 leike av gongen* og ikkje kvar dag! Hugs at andre må få låne leikane. **Leikeskytevåpen, knivar og sverd er ikkje lov å ta med.**

7. MÅLTID

Vi har frukost kl .8.30. Barna må ha med seg matpakke til dette måltidet. Mjølkdrikke får dei i barnehagen. Lunsj et vi mellom 11.30 – 12.00. Dette er eit vanleg smøremåltid, med brød og ulike pålegg. Vi har varm lunsj/middag to dagar i veka.

Barna får frukt i barnehagen, ca kl. 14.30.

Ver vennleg å gje melding om mat-allergi o.l.

8. SOVING

Dei yngste barna treng gjerne å **sova i barnehagen.** Til dette har vi eit eige soverom med madrassar eller barna tar med seg vogn for å sove i ute under tak. Barna får sova når dei har behov for det, men vanlegvis kjem dei fleste inn i ein rytme der dei søv etter lunsj. De må ta

med sengeklede (dynetrekk, putetrekk og stretchlaken) til barnet dykkar. Husk smokk eller eventuelle kosedyr som barna treng med seg.

9. FRÅVER

Dersom barnet er sjukt, eller har fri, ver vennleg å gje melding snarast råd. **Er barnet så sjukt at det ikkje kan vera ute, eller har nedsett allmenntilstand (t.d. diare, oppkast, feber o.l.), kan ikkje barnet vera i barnehagen.**

Personalet kan ikkje ta på seg ansvaret for at medisinar vert tekne i barnehagetida, utan at dette er avtala på førehand med personalet. Dersom barnet vert sjuk i barnehagetida, vil personalet kontakta dei føresette, og så langt det er mogeleg bør dei føresette ved slike høve henta barnet.

10. TEIEPLIKT

Dersom barnehagen skal fungere så tilfredsstillande så mogeleg, er det viktig at føresette og personalet samarbeider i alle spørsmål som har med barnet å gjera. Alle tilsette i barnehagen har sjølv sagt teieplikt.

Det er og viktig at heller ikkje dei føresette let opplysningar om andre barn, føresette eller personalet koma til uvedkomande.

Spørsmål, meiningar, misnøye etc. kan takast opp med styrar, pedagogisk leiar eller andre i personalet.

11. DIVERSE

I løpet av hausten vil de få utdelt årsplan for barnehagen. Her får de meir informasjon om kva vi legg vekt på i vårt pedagogiske arbeid.

Pedagogisk leiar vil kvar månad dele ut månadsplan – her blir det gitt opplysningar om kva vi skal gjere i månaden som kjem.

Dersom det er noko de lurar på, så ta kontakt med oss. De kan treffa oss på tlf. **56 32 78 16** i barnehagen mellom 7.00-16.30.

Personalet i Telavåg Barnehage ser fram til eit godt samarbeid saman med dykk, og håpar de vil trivast med å ha barnet dykkar hjå oss!

For personalet i Telavåg barnehage

Therese Frostad

-Styrar-